




# Kulturplan for Lærdal kommune 2016-2020



## Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Tre dimensjonar av kulturomgrepet .....	5
1.2	Planverk .....	5
1.3	Folketalsutvikling .....	6
1.4	Økonomisk utvikling for kultursektoren .....	7
2	Overordna mål .....	7
	Identitet og eigenart .....	7
	Eit breitt spekter av kulturtilbod og kulturopplevingar .....	7
3	Kulturinstitusjonane i Lærdal .....	8
3.1	Musikk-og kulturskule .....	8
	Lokalitet .....	8
	Arbeidsmateriell/utstyr .....	8
	Personale .....	8
	Elevtall .....	8
	Samarbeid grunnskule – kulturskule .....	8
	Utfordringar og mål .....	8
3.2	Ungdomsklubb .....	9
3.3	Kino .....	9
	I framtida .....	11
	Mål og strategiar .....	12
3.4	Bibliotek .....	12
	Ressursar .....	12
	Utlån .....	13
	Mål for Lærdal Folkebibliotek .....	14
	Behov: .....	14
3.5	Frivilligsentralen .....	14
	Aktivitetar til Lærdal frivilligsentral .....	14
4	Kulturminnevern .....	15
	Brannsikring .....	15
	Byantikvarstilling i Lærdal .....	16
	Lokalhistorisk arkiv .....	16

	Historiske vegar .....	16
	Immaterielle kulturminne .....	17
5	Kunst- og kulturformidling .....	17
5.1	Lærdal kulturhus.....	17
	Kulturbaserte aktivitetar .....	17
	Reiselivsbasert drift .....	17
	Felles areal – ”minikino” og vestibyle .....	18
	Norsk Villakssenter .....	18
	Turistinformasjon .....	18
	Kafé.....	18
	Lydstudio – Lærdal Musikkproduksjon.....	18
	Kulturhussalen .....	18
	Kulturkontora .....	18
	Mål for drifta av kulturhuset: .....	18
5.2	Post-og telemuseet .....	19
5.3	Andre kulturbygg.....	19
	Skulemuseet på Rikheim: .....	19
	Ungdomshuset Rimskjold:.....	19
	Samfunnshuset i Borgund .....	19
	Skulehuset i Borgund.....	19
	Ungdomsklubben «Kosen».....	19
	Fanteloftet.....	20
	Henrikstova.....	20
	Kulturbanken .....	20
	Vedlikehald og FDV-planar .....	20
5.4	Arrangement .....	20
5.5	Den kulturelle skulesekken.....	21
5.6	Den kulturelle spaserstokken .....	21
6	Idrett.....	21
	Lokale utviklingsmoglegheiter .....	22
7	Frivillig kulturaktivitet.....	23
7.1	Lag og organisasjonar .....	23
7.2	Kulturmidlar.....	23
7.3	Kulturpris .....	23

8	Kultur og næring.....	23
9	Vennskap Lærdal – Jeriko.....	24
10	Handlingsplan med mål og tiltak.....	24
11	Oversikt lag og organisasjonar i Lærdal.....	28

## 1 Innleiing

Lærdal kommune har eit mangfaldig, og på mange område rikt, kulturliv. Når kommunen får ein kulturplan, gir det moglegheiter for å sjå på dei ulike delane av kulturlivet - heilskapen og utviklingspotensialet. Ein vil setje fokus på kva kommunen si rolle i lærdalskulturen skal vere, korleis prioritere og legge til rette for utvikling. Kulturen representerer på mange måtar identiteten i lokalsamfunnet, enten det gjeld frivillige lag, kulturminne eller utøvande kunst. Bibliotek og kulturskule er lovpålagde oppgåver, elles er mange av greinene innanfor kultur ikkje-lovpålagde oppgåver for kommunen. Denne planen vil femne om heile spekteret av kultur, men ha nokre avgrensingar mot idrettsplan, kulturminneplan og forvaltningsplanar. Den avgrensar seg også til den kommunale delen av kulturområdet, og nemner såleis berre heilt kort verdifulle og genuine kulturminne som Borgund stavkyrkje og det samla trehusmiljøet på Gamle Lærdalsøyri, og omtalar ikkje private samlingar/kulturmiljø som t.d. Borlo Bygdetun.

Engerutvalgets Kulturutredning (NOU 2013:4) seier dette om kulturpolitikken dei siste åra: *...trykket i kulturpolitikken etter 2005 har ligget på å bygge ut den kulturelle infrastrukturen. I årene som kommer må oppmerksomheten i større grad rettes mot innholdet i denne infrastrukturen. (s.318)*

Vidare har utvalet dokumentert at *deler av den kulturelle grunnmuren har tapt i kampen om penger lokalt (...)* Når vi ønsker en kulturskole for alle, satsing på åpne bibliotek som viktige kulturarena og møteplass der folk bor, samt blomstrende kulturaktivitet og frivillig innsats blant annet i korps og kor, så forutsetter det større oppmerksomhet og mer penger også fra statlig hold. (s.318)

Denne problemstillinga er svært relevant for Lærdal sin del. Kommunen eig eit flott kulturhus, men manglar ressursar til å fylle dette med tilstrekkeleg aktivitet. I ei tid med knappe kommunale ressursar, er det ekstra viktig å gjere gode prioriteringar, og på den måten kan kulturplanen verte eit godt hjelpemiddel.

## 1.1 Tre dimensjonar av kulturomgrepet

Figurane viser korleis kulturen fungerer på ulike nivå.



Kulturen har sin eigenverd ved at det blir skapt kunst- og kulturuttrykk med ein sjølvstendig verdi, og som ein kommune har eit eige ansvar for å ta vare på. Døme i Lærdal: Biletkunst av Rumohr, Gjesme, Hauge, kulturlandskap som Galdane og dei gamle vegane, bygningar som Borgund stavkyrkje, bygdesoga, stadnamna, fjordkulturen osv.



Innbyggjarar og turistar ser utstillingar, går på dei gamle vegane, ser stadnamn-katalog og fotokatalogar osv. Elevar i kulturskulen opplever å skapa noko, å framføra noko, andre er konsertpublikum. Til saman gjer dette Lærdal til ein betre stad å bu i og besøke.



Det blir utvikla næringsidear knytt til kunst- og kulturuttrykka i kommunen. Døme kan vere borgundsenteret, matkulturen, omvisingar, guida turar på gamle vegar, sal av kunst, bøker og filmar. I sin tur vil dette gje auka omsetnad i reiselivsbedriftene.

## 1.2 Planverk

Kulturplanen 2015 – 2020 skal verte utarbeidd i tråd med kulturlova (*Lov om offentlige styresmaktens ansvar for kulturvirksomhet*) gjeldande frå 1.august 2007. Lova føreset auka fokus på kulturplanlegging og har dette føremålet i §1: *å fastlegge styresmaktens ansvar for å fremme og legge til rette for et bredt spekter av kulturvirksomhet, slik at alle kan få et tilbud om å delta i kulturaktiviteter og oppleve et mangfold av kulturuttrykk.*

Lova seier vidare i §2 definisjonar: *Med kulturvirksomhet mener man i denne loven å*

- a) *Skape, produsere, utøve, formidle og distribuere kunst- og andre kulturuttrykk*
- b) *Verne om, fremme innsikt i og videreføre kulturarv*


- c) *Delta i kulturaktivitet*
- d) *Utvikle kulturfaglig kunnskap og kompetanse*

Sentrale stikkord frå kulturlova er kultur for alle, profesjonalitet, kvalitet og mangfald.

I Engerutvalget si Kulturutgreiing 2014 kom det framlegg om at *kulturloven utstyres med bestemmelser som gjør den til et aktivt verktøy og som gir kommuner og fylkeskommuner ansvar for å utvikle planstrategier på kulturområdet.*

Vidare heiter det i Plan-og bygningslova frå 2009 at *Det skal settes mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle (vår utheving) utviklingen i kommunen og regionen.*

### 1.3 Folketalsutvikling




Kjelde: SSSB

Sidan 2010 har Lærdal hatt reduksjon i folketalet kvart år. Dette gjev færre brukarar av dei ulike kulturtilboda og utfordringar med å finansiere aktivitet ved hjelp av billettsal eller eigenandel.

Det vert jobba for å snu den negative trenden, og i følgje SSB auka folketalet i Lærdal mest i heile Sogn, og kommunen kjem ut som nummer fire i fylket i andre kvartal i 2015. Folketalet i Lærdal viste 2166 innbyggjarar 1. juli 2015.

## 1.4 Økonomisk utvikling for kultursektoren

Økonomisk utvikling kultur og formidling Lærdal 2009 – 2014:



Den økonomiske utviklinga for kultur har gått ned sidan 2009, særleg med tanke på løns- og prisstigninga, som gjer at det reelle driftsnivået er blitt klart lågare i løpet av femårsperioden. Kulturskulen er den største eininga, og utgjer i overkant av 1,5 mill. Elles er det små einingar med låge driftskostnader. Mesteparten av arbeidet med historiske vegar og brannsikring av Gamle Lærdalsøyri vert finansiert gjennom eksterne samarbeidspartnarar og prosjektmidlar. Kultureininga handterer derfor økonomiske midlar langt over det ordinære budsjettet.

## 2 Overordna mål

I ein kulturplan for Lærdal kommune, er det viktig å peike ut hovudretningar og prioriteringar. Eigenart, identitet, aktivitet, oppleving og trivsel er nøkkelomgrep i dette arbeidet. Til grunn for planarbeidet ligg følgjande hovudmål for kulturområdet i Lærdal:

### Identitet og eigenart

Lærdal er rik på kulturminne og kulturmiljø. Å få fram, ta vare på og vidareutvikle kunnskap om bygda si historie og eigenart, vil kunne danne grunnlag for attraktivitet og tilhørslse. Arbeidet med kulturminneplan er ein viktig del av dette.

### Eit breitt spekter av kulturtilbod og kulturopplevingar

Utgangspunktet for eit variert kulturliv skal vere eit godt samspel mellom frivillige lag og organisasjonar, profesjonelle aktørar og kommunen. Kommunen skal ha ei rolle som aktiv tilretteleggar og skape gode rammevilkår for dei ulike aktørane. Målet er aktivitetstilbod og kulturopplevingar som femnar om innbyggjarar i ulike aldrar og med ulike interesser, og for besøkande.



## 3 Kulturinstitusjonane i Lærdal

### 3.1 Musikk-og kulturskule

Lærdal kulturskule er forankra gjennom Opplæringslova § 13-6, som seier at alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod, som skal vere organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

Kulturskulen har tilbod innan musikk, drama, teikning/kunst og video/animasjon, og grunnopplæring for elevar i 1. og 2. klasse. Dette er eit tilbod innan førebuande musikkopplæring. Her vert det vektlagt opplevinga av musikk gjennom song, dans, rytme og samspel. Kulturskulen gjev også tilbod innan tilrettelagt undervisning/ musikkterapi og musikkbarnehage. Skulen har ingen venteliste.

#### Lokalitet

Kulturskulen har sin base i «Kulturbanken» på Gamle Lærdalsøyri. Her er det fire kontor og tre øvingsrom. I tillegg vert Lærdalsøyri skule, Ljøsne skule og Borgund skule brukt som undervisningsarenaer.

I Kulturbanken er det lytt mellom øvingsromma og det er kaldt om vinteren. Bygningen er heller ikkje universelt utforma. Her er det behov for renovering for å tilfredstilla dagens krav til undervisningslokale og arbeidsplass.

#### Arbeidsmateriell/utstyr

Kulturskulen har opparbeidd seg ein god utstyrspark for undervisning. Dette utstyret blir flittig brukt. Det må derfor vere fokus på å halde dette oppgradert til ein kvar tid. Datautstyret for lærarane er gammalt og må fornyast.

#### Personale

Det er per i dag seks personar tilsett i kulturskulen. Desse utgjer ca. 4,2 årsverk. Av dette vert ca. 1,2 årsverk leigd ut til nabokommunar og grunnskule.

#### Elevtall

Skuleåret 2014-15 var det ca. 130 elevar ved kulturskulen. I tillegg var det rundt 70 born som hadde musikkbarnehage. Elevtalet er ca 50% av alle grunnskuleelevane, og er langt over landsgjennomsnittet.

#### Samarbeid grunnskule – kulturskule

Det har i alle år vore eit godt samarbeid mellom grunnskule og kulturskule, og frå skuleåret 2014-15 overtok kulturskulen all musikkundervisning i grunnskulane i Lærdal. Dette har vore svært vellukka, og ei ordning som alle partar er nøgde med. Det er derfor semje om at denne ordninga bør halde fram.

#### Utfordringar og mål

Kulturskulen har dei seinare åra saman med korpset prøvd å rekruttere born til korpsmiljøet. Dette har ein ikkje lukkast med. Det bør derfor vera fokus på dette i framtida.

Mål for Lærdal kulturskule er å gje borna i kommunen eit så godt opplæringstilbod som mogeleg innanfor estetiske fag. Elevane skal få høve til å utvikle sine evner og anlegg i eit stimulerande og trygt miljø. Det er derfor viktig å halde på og rekruttere lærarar med høg

fagleg og pedagogisk kompetanse. Det er eit mål å halde oppe den høge deltakinga i kulturskulen, slik at skulen held fram med å vere eit senter for kulturutvikling i bygda.

### **3.2 Ungdomsklubb**

Ungdomsklubben held til i gamleskulen på Lærdalsøyri. Den disponerer heile bygget, som har fått namnet «Kosen Ungdomsklubb». Kommunen driftar klubben, og har 72,5% stillingsressurs til dette. Klubbleiaren er og sekretær for ungdomsrådet. Kosen er ein populær stad for ungdomane, og brukartalet er rundt 50 i snitt på klubbkveldane.

Utfordringa er at huset er gammalt og treng diverse vedlikehald. Dei siste åra er det berre naudsynt tryggleiksarbeid som er blitt gjort.

Målet for ungdomsklubben er å gje ungdommane i bygda ein attraktiv og trygg stad å møtast. Dei skal oppleve miljøet som inkluderande og mobbefritt, med tydelege vaksne leiarar. Ungdommane skal vere med å styre aktivitetar og tilbod, og såleis få eit innblikk i praktisk, demokratisk organisasjonsarbeid.


### **3.3 Kino**

Lærdal kommunale kino er eit populært tilbod i Lærdal kulturhus. Kinoen har lange tradisjonar i bygda og feira 75-årsjubileum i 2013.

Etter fleire år med synkende besøkstal og færre framsyningar, har kinoen etter digitaliseringa i 2011, lukkast med å bygge opp att eit godt og variert kinotilbod med aukande besøkstal.


Frå 2011 til 2015 har kinoen hatt ein auke i besøket på nær 70% (2014 hadde ein forventet nedgang grunna uvanleg lite storfilm). Filmene ein veit skal ha premiere i 2016 gir god von om høgt kinobesøk dette året og.

Hausten 2013 vart kinotilbodet utvida med kinokiosk. Dette har vorte eit populært tilbod, og bruttoomsetninga i 2014 vart 74 770,- mens me i 2015 enda på 136 319,-. Elles vert Kinomagaset tilbydd gratis til publikum i vestibylen.




Utvikling i besøkstal

Besøk per kinoforestilling samanlikna med andre:



Netto driftsutgifter til kino per innbyggjar samanlikna med andre:



Lærdal kommune har høge besøktal per kinoforestilling i høve folketalet samanlikna med andre.

Kommunen har litt lågare netto driftsutgifter til kino per innbyggjar enn kommunegruppe 3 og fylket, men langt høgare enn landet utan Oslo.

### I framtida

Filmtilbodet er den viktigaste faktoren for ei god kinodrift frametter. Storfilmene får kinoen no til premieren om ein ynskjer det, og med dei nye filmavtalane går det stort sett greitt å få hand om dei smalare filmene og. Kinoen har i år starta opp eit nytt tilbod med Go´Filmen på torsdagar, og dette vil halde fram.

Vidare vil det vere viktig å gi publikum ein meirverdi, slik at film framleis er "best på kino". Mellom anna bør ein ta økonomisk høgde for at lyd og bilde må oppgraderast med jamne mellomrom.

Nytt lerret kom på plass i januar 2016.

Nasjonalt er kinodrift vorte eit teknologirace som ein liten kino ikkje kan henge med på, men ein bør ha eit økonomisk handlingsrom (t.d. eit investeringsfond) slik at kinoen har råd til ei og anna oppgradering ved høve.

Elles kan publikum sitt møte med kinoen forbetrast m.a. ved å ha arrangement i forkant av spesielle framsyningar, gjere kiosktilbodet enno betre, få laga ei meir permanent utstilling av dei kinohistoriske gjenstandane, få opp plakattavler i vestibylen og liknande.

Kinoen ynskjer og å verte endå meir synleg på nett. Kinoen har Facebook side, men det hadde og vore ynskjeleg med eiga nettside og gjerne Twitter konto.

Dersom ein skal gjere kinotilbodet meir omfattande, må stillingsressursar aukast tilsvarande.

### Mål og strategiar

- Tilby eit breitt spekter av filmar i ulike sjangrar, og slik gi lærdølane eit variert filmtilbod med gode og aktuelle filmar
- Oppnå eit stabilt besøkstal mellom 4000 og 4500 i året. På sikt ha ambisjonar om å nå 5000
- Vidareutvikle Go´Filmen-tilbodet på torsdagane
- Samarbeide med skulane om skulekino
- Utvikle konsept og arrangement som gir publikum opplevingar utover sjølve filmen
- Oppgradere det tekniske anlegget på ein planmessig måte
- Kinoen skal vere synleg både i digitale og trykte media


### 3.4 Bibliotek

Lærdal folkebibliotek har vore lokalisert på Lærdalsøyri skule sidan 1991. Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek, dvs. både folkebibliotek og skulebibliotek. Arealet som biblioteket nyttar er på om lag 300 m<sup>2</sup>. Av dette vert om lag 30 m<sup>2</sup> nytta som magasin. Biblioteket har stabile utlånstal. I 2014 var det utlånt 5509 einingar frå biblioteket (bøker, lydbøker, magasin og filmar). Biblioteket har ein stillingsheimel på om lag 60% og har ope 20 timar i veka, måndag til torsdag.

#### Ressursar


Biblioteket i Lærdal har sakka akterut i høve til dei tilboda eit moderne bibliotek bør gje. Det vert og nytta vesentleg mindre ressursar på drift av folkebiblioteket i Lærdal enn snittet i kommunegruppa og på landsplan:

Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar (frå SSB). Lærdal i gult på alle grafane:



Kostratal syner også at Lærdal ligg svært lågt når det gjeld driftsutgifter til folkebibliotek i forhold til kommunen sine totale driftsutgifter.

## Utlån



Bokutlån frå folkebiblioteket per innbyggjar (frå SSB)

I tillegg til den dårlege ressursituasjonen, kan usentral beliggenheit, dårlege parkeringsmoglegheiter på dagtid og lite tilrettelagt inngangsparti for rørslehemma medverke til at biblioteket ligg lågt på utlån per innbyggjar.

## Mål for Lærdal Folkebibliotek

Den nye biblioteklova seier: "Folkebiblioteka skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt". Den presiserer og at ein skal drive aktiv formidling.

- Biblioteket skal vere ein naturleg møteplass for alle, og det må vere eit mål å få opp besøkstala
- Biblioteket ynskjer å gje lærdølane eit allsidig og aktuelt tilbod av bøker og andre media. Eit folkebibliotek i dag må kunne tilby utlån av fleire media enn tidlegare. E-bøker, lydbøker, filmar og magasin er i dag ein like naturleg del av utlånstilbodet som bøker.
- Oppgradering (eller flytting) av biblioteklokala
- Meir marknadsføring, som eiga nettside og Facebook side
- Gje tilbod, hjelp og kunnskap om nettbaserte tenester
- Tilgang til oppdaterte datamaskiner for besøkande. Mange kjem til Lærdal for å arbeide i kortare periodar, og for desse er dette eit viktig tilbod.
- Fleire arrangement, som t.d. stadnamnkafe, foredrag, utstillingar og mindre førestillingar

### Behov:

For å nå målsettingane om ei meir tidsmessig og utadretta bibliotekteneste, har ein behov for større stillingsressurs. I tillegg treng ein ei fysisk oppgradering eller flytting av biblioteket. Ein treng betre organisert oppbevaring av offentleg informasjon, større magasin og større utval av ulike media. Vidare treng ein eit betre utval av bøker på andre språk.

## 3.5 Frivilligsentralen

Om lag 17 frivillige er per i dag aktive i frivilligsentralen. Gjennom året gjer desse ein stor dugnadsinnsats, som både styret og brukarane av tenestene, set stor pris på. Samla var talet på dugnadstimar i 2014 (utan timar tilknytt brann) rundt 1960 timar. Frivilligsentralen er finansiert av statlege og kommunale midlar, og har dagleg leiar i 50% stilling.

Målsetjinga til frivilligsentralen er å få til eit godt samarbeid med lag/organisasjonar og det offentlege. Her er det allereie gjort mykje godt arbeid som skal vidareførast. Behovet for dei frivillige er stort og dei blir brukte av stadig fleire. Spørsmål om deltaking i ulike arrangement, ein-til-einhjelp og heimebesøk er aukande, og den sosiale biten er viktig.

Elles er sentralen sitt hovudmål å vere ein positiv bidragsytar for kommunen sine innbyggjarar i ulike aktivitetar og alle alderstrinn.

### Aktivitetar til Lærdal frivilligsentral

Lærdal frivilligsentral har ein ganske stor og allsidig aktivitet. Nokon av aktivitetane er å vere med å starte nye tilbod, men like viktig er det å vere med å styrke dei allereie godt etablerte tilboda. Konkrete aktivitetar går fram av årsmeldingane

## 4 Kulturminnevern

Lærdal kommune er rik på kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid. Kommunen har mellom anna Noregs best bevarte stavkyrkje, Borgund. Kommunen har også ei viktig samferdslehistorie med mellom anna dei ulike historiske vegane. Dalen og fjellområda omkring er rike på arkeologiske minner frå ulike periodar. På Lærdalsøyri har vi eitt av dei første verna trehusområda i landet, gamle Lærdalsøyri. Lærdal vart i 2015 rangert av Riksantikvaren som ein av ni kommunar i landet som er best på kulturminnevern.

For å sikre langtidseffektar for kulturminneverdiane i kommunen er det viktig å arbeide med haldningsskaping og kunnskapsbygging. Gjennom bevisstgjerjing og auka kunnskap om kulturvern og kulturminneverdiane i Lærdal, både hjå sakshandsamarar, politiske organ og innbyggjarane i kommunen, vil ein legge til rette for ei god kulturminneforvaltning og positive haldningar til kulturminnevernet som ein ressurs for kommunen og lokalmiljøet. Difor er kommunen i gang med å lage ein eigen kulturminneplan.

Hovudmålet med kulturminneplanen er å utarbeide ein reiskap til å gje oversikt over kva kulturminneressursar som finst i kommunen. Planen bør vise status og føreslå ei prioritering av kulturminna, for på best mogleg vis sikre og forvalte denne ikkje-fornybare ressursen. Hovudtyngda av arealplanlegginga og den daglege forvaltninga av kulturarven føregår i kommunen. Lærdal kommune har slik eit stort ansvar for forvaltning av kulturminne lokalt.

Ein eigen kulturminneplan, som gjev eit geografisk og kvalitativt oversyn over kulturminne og kulturmiljø i kommunen, er eit viktig styringsverktøy i den kommunale kulturminneforvaltninga. Dette inneber verdivurdering og prioriteringar. Når nokre kulturminne/-miljø vert viktigare enn andre, vert kulturminna lettare å forvalte. Å få utarbeidd ein kulturminneplan er òg eit viktig førebyggjande tiltak. Kulturminna vert altfor ofte oppdaga i samband med ei byggjesak. Med ein eigen kulturminneplan kan ein lettare unngå slike konflikhtar.

### Brannsikring

Verneområdet på Lærdalsøyri er unikt i nasjonal samanheng og består av om lag 160 trebygningar frå 1800-talet. For å sikre verdiane i verneområdet starta Lærdal kommune i 2008 eit brannsikringsprogram som Riksantikvaren løyvde midlar til. Det vart utarbeidd *Brannteknisk tiltaksplan for Gamle Lærdalsøyri* som er under gjennomføring. Detekteringa av alle bygningar i verneområdet er gjennomført i det første fasen av brannsikringsprosjektet. Sprinkling av Kvammes og ein del bygningar på Løytnantsbryggja er utført. Vidare er to sløkkepostar på plass samt nokre brannsikre søppelspann og ein del brannvernustyr. Alt er utført i samsvar med tiltaksplanen. I det første brannsikringsprosjektet vart det investert knappe 5 mill kroner.

I 2014 fekk Lærdal kommune tilsegn om nye 2 000 000 kroner til vidareføring av brannsikringsprosjektet. Våren 2015 vart installeringa av konvensjonelt sprinkelanlegg på Løytnantsbryggja gjort ferdig. Det er vidare i prosjektet tenkt å nytte lågtrykk vasståkeanlegg. Sprinkelanlegg i dei resterande bygningane på Løytnantsbryggja og i Kulturbanken er prosjekter og skal installast hausten 2015. Etter dette vil det bli



prosjektert sløkkeanlegg i mellom anna dei gamle krambuene i Øyragata. Ferdingsstillingsdato for denne delen av prosjektet er 01.10.2016.

I 2015 fekk prosjektet ei tilleggsøyving på 600 000 frå Riksantikvaren for å kunne sprinkle fleire bygningar i verneområdet. I denne delen av prosjektet er det meininga at huseigarane må betale ein eigenandel på 25%. Her er ferdigstillingsdatoen 01.06.2016.

### **Byantikvarstilling i Lærdal**

Lærdal kommune får tilskot til byantikvarstilling i to år frå Riksantikvaren, med oppstart i november 2014. I løpet av den perioden er ambisjonen å få etablert eit kompetansesenter/nettverk i Lærdal når det gjeld kulturminne og kulturvern og særleg for restaurering av trehusmiljø, med heile Indre Sogn som nedslagsfelt. Kommunane Luster, Aurland, Årdal og Leikanger har til no nytta seg av kompetansen til byantikvaren. Som ein del av nettverksoppbygginga vil det i februar 2016 bli arrangert eit seminar for kommunale sakshandsamarar i samarbeid med Sogn Folkemuseum, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fortidsminneforeninga.

Stillinga er plassert i kulturavdelinga, rett under kommunalsjef for kultur og oppvekst. I ein så liten og oversiktleg kommune, er det enkelt å arbeide på tvers av einingane. Byantikvaren arbeider tett opp mot teknisk avdeling i plan- og byggesaksprosessar, ut ifrå tanken om at det er viktig at kulturverninteressene kjem tidleg inn i desse prosessane. Byantikvaren har ansvaret for forvaltning av kommunen sine kulturminne. Byantikvaren er leiar og arkitektfagleg medlem i Fagrådet for gamle Lærdalsøyri. Det er ei målsetjing å vidareføre stillinga når støtta frå Riksantikvaren tar slutt i 2016.

### **Lokalhistorisk arkiv**

Lærdal kulturkontor sit på eit omfattande bilde-, lyd- og tekstarkiv, som også inneheld stadnamnsamling. Dette må systematiserast og formidlast. Det må lagast eit prosjekt i samarbeid med fylkesarkivet for å få digitalisert og katalogisert arkivet slik at det vert gjort tilgjengeleg for ålmenta. Kulturkontoret har gått til innkjøp av digitalt utstyr til å gjennomføre arbeidet, og tenkjer seg eit samarbeid med andre for å realisere eit slikt prosjekt.

### **Historiske vegar**

Lærdal er rik på kulturminner, og er ifølge Statens vegvesen museal avdeling, den kommunen som har flest historiske vegar i landet. Å vedlikehalde alle veganlegga som er i Lærdal krev store ressursar. Dette har ein teke tak i, og 11. september 2015 mottok prosjektet Kongevegen over Filefjell «Vakre vegars pris». Juryen si grunngjeving for dette var: «Arbeidet med restaureringa er eit framifrå døme på korleis ein gjennom samarbeid tek vare på kulturminneverdiar og samstundes legg til rette for friluftsliv og næringsutvikling».

Kulturkontoret har utarbeidd ein skjøtselsplan for dei historiske vegane i kommunen, som er klar for sluttbehandling. Det pågår drøftingar mellom kulturkontoret og Statens vegvesen (SVV) om vedlikehald på dei strekningane som ligg inne i SVV sin verneplan. Dette

vedlikehaldet vil i sin heilskap bli finansiert av SVV, men utført av Lærdal kommune. Dei andre historiske vegstrekningane (Sverrestien, Sælthunåsen m.m.) som ikkje ligg inne i SVV sin verneplan, må kommunen syta for sjølv. Det er derfor svært viktig at kulturkontoret sin 30% stilling knytt til dei historiske vegane vert oppretthalden.

### **Immaterielle kulturminne**

Lærdal er også rik på immaterielle kulturminne, som musikk, segner, forteljingar, handverks- og mattradisjonar. Frivillige lag som Husflidlaget og Bygdekvinnelaget er viktige berarar av kunnskap og formidling av desse tradisjonane. Lærdal Mållag har arrangert stadnamnkafear, som ein del av si verksemd for å halde dialekt og språkmedvet i hevd. Dei siste åra har «Smak av Sogn» sett lokale mattradisjonar i fokus under Lærdalsmarknaden.

Kulturkontoret har ei omfattande samling av lydopptak av eldre informantar frå 70- og 80-talet. Det er eit mål å få digitalisere lydopptak slik at dei vert bevarte for framtida og lettare tilgjengeleg. Opptaka dokumenterer mellom anna lokale forteljartradisjonar, segner, stadnamn og synes korleis lærdalsdialektane har endra seg i det siste hundreåret.

## **5 Kunst- og kulturformidling**

### **5.1 Lærdal kulturhus**

Det går føre seg eit prosjekt om Lærdal kulturhus. Denne planen gir derfor berre ei oversikt over aktivitetar og drift, så må føringar for drifta framover komme som eit resultat av prosjektet.

Lærdal kulturhus har mange ulike funksjonar og aktørar. I juni 2011 stod tilbygget med Sogn Kunstsenter ferdig, med ombygd foaje og kafé. Funksjonane i huset kan delast i to hovudområde:

#### **Kulturbaserte aktivitetar**

Her er målet å få til eit breitt kulturtilbod først og fremst for innbyggjarane, men turistar og besøkande frå regionen er også viktige målgrupper. Viktig i denne samanhengen er eit nært samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og einskildpersonar.

#### **Reiselivsbasert drift**

Lærdal kulturhus rommar utstillinga Norsk Villakssenter og Sogn Kunstsenter. Norsk Villakssenter skal i utgangspunktet vere eit kommersielt reiselivsprodukt, i samarbeid med andre funksjonar. Det er utfordrande å finne ei varig og stabil driftsform for villakssenteret. Sogn Kunstsenter blir drifta av Musea i Sogn og Fjordane (MiSF). Sommaren 2015 blir både villakssenteret, turistinformasjonen og kunstmuseet drive av MiSF. Slik huset vert nytta i dag er det i sommarsesongen i hovudsak reiselivsbasert drift, i resten av året eit reint kulturhus.

Sogn Kunstsenter sitt areal omfattar utstillingslokalet for kunst, magasin for lagring av gjesmesamlinga og rommet framfor sjølve utstillingslokalet. Dette arealet har også vore nytta til mindre konsertar og tilstellingar. Utstillingslokalet vert nytta i sommarsesongen til

skiftande kunstutstillingar. MiSF har ansvaret for utstillingane og lagring/konservering av gjesmebileta. Marknadsføring av utstillingane og formidling av kunsten ligg også til MiSF.

### **Felles areal – ”minikino” og vestibyle**

Det opne arealet mellom hovudinngang og inngangen til utstillingsarealet kan nyttast til ulike aktivitetar og framsyningar, også til filmframsyning for eit mindre publikum. Vestibylen er i bruk for utstillingar og ulike former for framsyningar, og frå sesongen 2016 kan filmen om villaksen bli synt her.

### **Norsk Villakssenter**

Utstillinga Norsk Villakssenter står for ein fjerdedel av arealet i huset. Villakssenteret har vore drive av MiSF sesongen 2015.

### **Turistinformasjon**

Den siste sesongen har MiSF også hatt ansvar for å drifte turistinformasjonen i Lærdal.

Kommunen bidreg til regional marknadsføring gjennom eit årleg bidrag til Visit Sognefjord, som bruker ein del av dette bidraget til lokal turistinformasjon.

### **Kafé**

Både for kulturdrifta og reiselivsdrifta er det viktig å ha ei form for serveringsstad i bygget. Etter ombygginga har det vore vanskeleg å byggje kafeen opp til eit lokalt samlingspunkt. I 2014 var det ikkje drift på kafeen, unnateke i samband med konkrete arrangement i kulturhuset. Sommaren 2015 fekk kommunen ein samarbeidsavtale med Green Norway om drift av kafeen denne sesongen. Det er interesse for å forlenge avtalen dersom ein får tilfredsstillande drift.

### **Lydstudio – Lærdal Musikkproduksjon**

Lærdal Musikkproduksjon AS leiger areal til lydstudio bak kinosalen.

### **Kulturhussalen**

Kulturhussalen vert nytta for kommunale kulturframsyningar og som kino, men også for private arrangement og større møte.

### **Kulturkontora**

Andre høgda i huset rommar kontorplass for kulturleiar og byantikvar og lokalhistorisk arkiv.

### **Mål for drifta av kulturhuset:**

- Ein samlingsstad i bygda med variert aktivitet, kunst- og kulturtilbod
- Lokaliseringsstad for flest mogleg av kulturtenesta sine aktivitetar

- Godt samspel mellom kommunen og frivillige aktører
- Samdrift av fleire av funksjonane i bygget og økonomisk berekraft
- Eit kulturelt trekkplaster i regionen og for turistar
- Sesongutviding
- Gjesme representert i ein del av kunstmuseet til ein kvar tid

## 5.2 Post-og telemuseet

Samferdsle- og kommunikasjonshistoria er viktig i Lærdal, og det er også viktig å formidle den saman med veghistoria og historia om samferdsla på fjorden. Telegrafan bør òg nyttast til formidlinga av historia til tettstaden Lærdalsøyri og verneområdet.

Det vil i dei neste åra vere trong for å oppdatere utstillingane og gje dei i andre høgdi eit meir profesjonelt preg. Resepsjons- og butikkområdet fungerer ikkje optimalt i dag og må gjerast om på til neste sesong. Det må òg lagast ein driftsmodell for huset slik at det vert nytta meir enn i dag.

Postutstillinga er ansvaret til Maihaugen, mens Lærdal kommune har teke over ansvaret for Telemuseet, i samarbeid med Telenor si historiske avdeling.

## 5.3 Andre kulturbygg

### Skulemuseet på Rikheim:

Rikheim skule vart kjøpt av Lærdal kommune i 1989 og vedtatt nytta som skulemuseum i Lærdal. Skulemuseet opna i 1995. For at dette skal fungere etter intensjonen, må den skulehistoriske utstillinga på Rikheim skule oppdaterast og haldast ved like, og det bør lagast eit undervisningsopplegg i samarbeid med skulen i Lærdal.

### Ungdomshuset Rimskjold:

Huset er eigd av det «sovande» Vindhella ungdomslag og er i praksis drifta av kommunen. Rimskjold er eit av dei få intakte og uendra ungdomshusa i Sogn og Fjordane og har difor interesse ut over det lokale. Huset er og eit viktig krigsminne sidan det vart nytta som transittstad for soldatar som skulle sendast vidare til Austfronten. I dag inneheld huset ei veghistorisk utstilling som er ope for publikum i sommarsesongen. Det bør skaffast midlar til å oppdatere den veghistoriske utstillinga og til å formidle sjølve ungdomshuset si historie. Rimskjold vil vere eit viktig informasjonspunkt på Kongevegen.

### Samfunnshuset i Borgund

Det tidligare kommunehuset på Borgund er eit viktig kulturbygg i bygda og mykje nytta som forsamlingslokale. Forvaltninga av samfunnshuset bør flyttast over på lokale krefter.

### Skulehuset i Borgund

Skulehuset vart tidlegare nytta til ungdomsaktivitetar. Det er no ikkje i bruk.

### Ungdomsklubben «Kosen»

Ungdomsklubben held til i den gamle skulen på Lærdalsøyri. Bygningen blir forvalta som kulturminne gjennom at det er i bruk.

## **Fanteloftet**

Fanteloftet er ei av dei få museale bygga kommunen eig i verneområdet. Saman med Henrikstova vert loftet nytta til formidling av historia til Lærdalsøyri. Loftet er eit av dei få lofta som har sin opphavslege inndeling med naust i fyrste høgdi og bustad i andre. I Riksantikvaren sin fredningsstrategi blir kulturminna til dei nasjonale minoritetane framheva som eit viktig satsingsområde. Bygningen vart erverva av Lærdal kommune i 1998 frå Lærdal energi, for å ta vare på det som eit viktig kulturminne og del av kulturminnemiljøet på Løytnantsbryggja. Bygningen er i god stand etter at han vart reparert etter antikvariske prinsipp i regi av Arbeidsutvalet for Gamle Lærdalsøyri. Lærdal kommune bør kome i ein dialog med Riksantikvaren om mogelegheita for å sette i stand Fanteloftet for å kunne formidle historia til dei reisande i Sogn.

## **Henrikstova**

Henrikstova er i privat eige, men er leigd og forvalta av kommunen for å kunne formidle historia til småkårsfolket på strandsitjarstaden Lærdalsøyri. Stova er og eit interessant bygningsminne, som ei av dei få akershusiske stovene i Lærdal med den opphavlege romplanen intakt. Lærdal kommune har i 2015 reparert torvtaket på stova.

## **Kulturbanken**

Kulturbanken, tidlegare Lærdal sparebank og herredstyresal, stod ferdig i 1926 etter teikningar av Lærdalsarkitekten Johan Lindstrøm. Bankbygningen er i fredningsklasse og vert rekna som ein av dei viktigaste 1920-talsbygningane i landet. I dag vert Kulturbanken nytta av kulturskulen. Bygningen har eit etterslep på vedlikehald og bør pussast opp både innvendig og utvendig. Lærdal kommune har i 2015 i samarbeid med Riksantikvaren installert sløkkeanlegg i Kulturbanken.

## **Vedlikehald og FDV-planar**

Fleire av dei historiske bygningane har eit etterslep på vedlikehald. Det bør vere ein ambisjon å få vedlikehaldet opp på eit berekraftig nivå og utarbeide FDV-planar for kvart bygg. For mange av dei historiske bygningane vil det vere mogeleg å søke eksterne kulturvernmidlar for istandsetting.

## **5.4 Arrangement**

Lærdal er ei bygd med mange arrangement. Her kan nemnast store arrangement som Lærdalsmarknaden (sommars, haust og jul), Jordeplerock, Kom heimatt, veterancup i fotball, Storehaugen opp, samt mindre arrangement som onsdagskonsertar i Kvammegården og diverse førestillingar/konsertar i kultursalen. Arrangement som Maristovedilten og Galdane rundt kombinerer idrett, folkehelse, kultur og natur.

For å kunne gjennomføre dei store arrangementa er ein avhengig av økonomisk støtte frå det kommunale næringsfondet. Dei mindre arrangementa går stort sett frå kulturbudsjettet og vert administrert frå kulturetaten. Kultur og formidling har ikkje eigne budsjettmidlar til

arrangement, og det er difor krevjande å arbeide med dette. For å kunne planlegge på lengre sikt treng ein eit eige arrangementsbudsjett.

Mål for kommunale arrangement er å gje innbyggarane og tilreisande eit variert spekter av kulturopplevingar med høg kvalitet. Det er viktig å gje tilbod til alle aldersgrupper og i ulike sjangrar.

## **5.5 Den kulturelle skulesekken**

Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit nasjonalt satsingsområde, som skulane våre har delteke i sidan starten i 2002. Fylket har fått statlege midlar, som m.a. har vore brukte til å lage rimelege kulturtilbod til alle deltakarskulane. Frå hausten 2004 vart ein del av desse midlane fordelt til kommunane, og ein føresetnad for å få midlane utbetalt, var at det låg føre ein lokal plan. I Formannskapet 18.01.2005 vart det vedteke ein lokal kulturplan for den kulturelle skulesekken, som fortsatt er gjeldande og vert rullert kvart fjerde år.

## **5.6 Den kulturelle spaserstokken**

Dette er eit nasjonalt løft for å gje dei eldre varierte og gode kulturelle opplevingar. Kvar kommune kan søkja på desse midlane som vert øyremarka. Døme på arrangement er besøk av tilreisande artistar på Eldredagen.

## **6 Idrett**

Lærdal har eitt idrettslag. Det er organisert med fleire undergrupper som friidrettsgruppe, skøytegruppe, fotballgrupper, turngruppe osv.

Kommunen har eige idrettsråd. Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten i kommunen, det er organisert i NIF gjennom idrettskretsane og underlagt NIF sine lover og vedtekter. Idrettsrådet skal arbeide for best mogelege tilhøve for idretten i kommunen. Idrettsrådet skal være ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og dei kommunale myndigheiter og mellom laga og idrettskretsen.

Kommunen kjøper timar frå idrettskonsulenten i Årdal etter behov, men maks 10% per månad. Idrettsplanen er under arbeid og skal handsamast politisk i 2016.

Lærdal har på mange område godt utbygde anlegg, og er i ei særstilling i Sogn då det er ei skeisebane sentralt plassert i bygda. Det er også i dei seinare åra blitt bygd ut nærmiljøanlegg som ballbingar og sandvolleybane. Dette er anlegg som er retta mot uorganisert aktivitet, og som er svært populære med mykje bruk. Lærdal har og fleirbrukshall og kunstgrasbane lokalisert ved Lærdalsøyri skule.

Dersom kommunen, eller lag og organisasjonar, står for utbygging av ordinære anlegg, vert inntil 1/3 av kostnaden dekkja i form av spelemidlar. På nærmiljøanlegg er dekninga inntil 50% avgrensa opp til 300 000 i tilskot.

## Lokale utviklingsmoglegheiter

Lærdal bør følgje dei nasjonale føringane. Dette betyr at framover må det satsast på utbygging og utvikling av anlegg som fremjar eigenstyrd aktivitet og trening. Ein bør også vurdere nærmiljøanlegg med fleire typar aktivitetsmoglegheiter som klatring, sandvolleyball og friluftstreningsapparat. Dette er anlegg som kan samle brukarar over aldersgrensene og både gje treningsmoglegheiter og sosialt samkvem.

I Lærdal bør ein ha som mål at alle innbyggjarane har tilgang til fysisk aktivitet tilpassa sitt nivå. Kommunen si rolle er å støtte opp om idrettslaget sitt arbeid i form av godt samarbeid og økonomisk og praktisk tilrettelegging. Turlaget er også ein viktig aktør i eit folkehelseperspektiv.

### Overordna mål frå Idrettsplan 2015 - 2019

”Auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i Lærdal kommune”.

Det overordna målet er at innbyggjarane i Lærdal kommune får gode tilhøve for idrett og fysisk aktivitet, slik at dei kan få høve til å halde seg i aktivitet ut i frå egne interesser og føresetnader. Dette skal vera mogleg på allment tilgjengelege område og i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur og elles i naturen.

### Delmål

Med bakgrunn i dette ønskjer Lærdal kommune

- å leggja tilhøva til rette slik at alle sosiale grupper skal kunne driva idrett ut frå egne føresetnader
- å arbeida for eit tilbod som og omfattar personar som i dag er inaktive, med hovudvekt på barn og unge
- å stimulera til ei breiare deltaking – friluftsliv for alle
- at areal avsett til friområde/grøntområde, ikkje skal vera mindre enn det dei er i dag
- at det ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar vert innarbeidd areal og anlegg for leik, idretts- og friluftslivsaktivitetar som ein del av bumiljøet
- å leggja til rette for både konkurranseidrett og mosjonsidrett
- at det bør vera høve til å kunna konkurrere innanfor dei største idrettane i Noreg generelt, og i dei idrettane som det eventuelt vil vera stor interesse for i Lærdal spesielt
- at det vert lagt vekt på å sikra område, og at det vert bygt og vedlikehalde fleirbruksanlegg som dekkjer trongen til fleire idrettsgreiner, aktivitetar og brukargrupper
- at rørslehemma skal ha tilgang til idrettsanlegg og gjevast gode og varierte tilhøve for friluftsliv
- at organisasjonane skal leggja til rette for å utvikla kvinnelege utøvarar og leiarar

- at det ved bygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og fysisk aktivitet, vert teke omsyn til landskapsvern, miljømessige og estetiske tilhøve
- å stimulera lokalbefolkninga til å bruka det som vert opparbeidd, og å bruka naturen slik han er

## 7 Frivillig kulturaktivitet

### 7.1 Lag og organisasjonar

Lærdal har eit rikt organisasjonsliv. Bak i planen er ein oppdatert oversikt over lag og organisasjonen. Denne ligg også på kommunen si heimesida. For kommunen er det eit mål å legge til rette for laga på ein best mogleg måte, og å samarbeide om arrangement og på andre område der det er mogleg.

### 7.2 Kulturmidlar

Lærdal kommune deler ut kulturmidlar til lag og organisasjonar kvart år. Hovuddelen av denne summen er øyremerka idrettslaget, korpset og sangkoret. Det er utarbeida statuttar for utdeling av desse midlane, men desse skal reviderast.

### 7.3 Kulturpris

Kulturprisen til Lærdal kommune vart stifta i 1987 og vart utdelt årleg fram til 1997, deretter annakvart år. I 2003 vedtok formannskapet å dele ut prisen kvart fjerde år.

Kulturprisen vert tildelt personar som enten bur i, eller har sterk tilknytning til Lærdal kommune. Det kan vere einskildpersonar eller grupper/lag som har lagt ned stor innsats for lagsarbeid, miljøskaping, instruksjonsarbeid, vidareføring av kulturelle tradisjonar og kulturelle uttrykksformer, lokalhistorisk arbeid, kulturvernarbeid, kunstnarleg verksemd eller arbeid for barn og unge.

## 8 Kultur og næring

I næringsarbeidet har ein mest fokus på kulturminna som trekkplaster for besøksnæringane, og kulturelle aktivitetar for innbyggjarane som sikrar trivsel, identitet og attraktivitet. Lærdal har mange kulturminne som gjev grunnlag for verdiskaping. Størst og viktigast er Borgund stavkyrkje med sine om lag 35 000 besøkande i året. I tillegg er tradisjonsnæringar som laksefiske ei viktig inntektskjelde for mange grunneigarar.

I omstillingsplanen for Lærdal er kultur ein naturleg del av tre av utviklingsprogramma; Vekst i Lærdal, Lev og bu i Lærdal og Opplev Lærdal. Kultur og tradisjonar vert trekte fram som ein av dei viktigaste styrkane til Lærdal i SWOT-analysen, og kan vere ein av forklaringane på kvifor Lærdal skårar høgt på attraktivitet for busetnad og besøkande i Telemarksforsking si attraktivitetskartlegging.



Arrangement som Lærdalsmarknaden, Kom Heimatt og Jordeplerock er med på å marknadsføra Lærdal på ein god måte. Truleg kan næringslivet verte flinkare til å nytte ringverknadane av slike arrangement. Dersom ein lukkast med ei betre koordinering og samhandling mellom arrangørar og næringsaktørar kan det ha stor tyding for både arrangementet, verksemder og Lærdal sitt omdøme. Denne type arrangement er og viktig for innbyggjarane i Lærdal. Aktivitet i bygda skapar stoltheit, identitet og trivsel, som igjen aukar attraktiviteten til kommunen for både besøkande og fastbuande.

## 9 Vennskap Lærdal – Jeriko

Jeriko kommune i Palestina er vennskapskommunen til Lærdal. Den første kontakten mellom Jeriko og Lærdal blei gjort i 1997. Under Lærdalsmarknaden i 1998 vart avtalen underskriven i Kvammegården av dei to ordførarane. Føremålet med venskapsarbeidet slik det er formulert i avtalen:

*Føremålet med denne avtalen er å utvikle venskapleg samarbeid mellom dei to kommunane Jeriko og Lærdal og deira innbyggjarar. Aktuelle samarbeidsområde kan vere kultur, turisme, handel, landbruk, industri og andre menneskelege og sosiale forhold.*

Venskapsarbeidet blir no drive av organisasjonen Vennskap Jeriko – Lærdal, som vart stifta 6. april 2000. To av styremedlemene er innvalde frå kommunen, dei tre andre frå medlemsorganisasjonen.

Sidan avtalen vart gjort, har det vore turar nesten årleg til og frå Jeriko. Det siste halvanna året har utveksling og samarbeid om skule vore i fokus. Målet er at elevane skal få forståing og kjennskap til menneske og samfunnstilhøve i ein annan kultur, og på denne måten få kunnskap på eit djupare plan enn dei kan få gjennom lærebøker og andre media. Læreplanmål frå KRLE, samfunnsfag, naturfag, engelsk og norsk er relevante i denne samanhengen.

## 10 Handlingsplan med mål og tiltak

I tabellen under er mål og tiltak på dei mest sentrale kulturområda lista opp. Mål for idrett er ikkje teke med her, men er sett opp i idrettsplanen og i tekstdelen av denne planen. Måla for kulturminnearbeid vil verte meir utdjupa i kulturminneplanen.

Område	Mål	Tiltak	Tid	Ansvar
Kulturskulen	Variert opplæringstilbod og stimulerande læringsmiljø	Halde på/rekruttere lærarar med variert kompetanse.	Kontinuerleg	Rektor

		Samspel og samarbeid mellom lærarar og elevar.		
	Minimum 50% av elevane i grunnskulen er i kulturskulen	Gje opplæring til alle barn som ynskjer det i estetiske fag	Kontinuerleg	Rektor
	Rekruttere til musikkorps	Korpsundervisning i skuletida	Frå 2016/2017	Rektor i kultursk. og gr.sk.
	Ingen venteliste	Nok og variert undervisning	Kontinuerleg	Rektor
	Vidareutvikle sal av tenester frå kulturskulen til grunnskulen	Vidareføre og utvikle avtalen som gjeld i dag	Kontinuerleg	Rektor kulturskule og grunnskule
<b>Ungdomsklubben</b>	Attraktiv og trygg møtestad	Vedlikehaldsplan for huset	2016	FDV/ klubbleiar
	Mobbefritt miljø	Rekruttere/lære opp tydelege og trygge vaksne	Kontinuerleg	Kulturleiar/ Klubbleiar
	Minst 50 ungdommar i snitt per klubbkveld	Stabile vaksne Godt psykososialt miljø	Kontinuerleg	Klubbleiar
<b>Kino</b>	Breitt spekter av aktuelle og gode filmar i ulike sjangrar	Vidareutvikle Go´Filmen-tilbodet på torsdagane	Framhald frå 2016	Kinosjef
	Stabilt besøkstal mellom 4000 og 4500 i året. På sikt 5000.	Kinoen skal vere synleg i digitale og trykte media. Oppgradere det tekniske anlegget på ein planmessig måte. Auke stillingsressursen til kinodrifta.	2016 - 2020	Kinosjef/kulturleiar/ kommunalsjef
	Gi publikum opplevingar utover sjølve filmen	Samarbeide med skulane om skulekino Utvikle konsept og arrangement	2016 -	Kinosjef Grunnskulerektorar
<b>Bibliotek</b>	Naturleg møteplass for alle	Oppgradering (eller flytting) av biblioteklokala. Meir marknadsføring,	2016 -	Bibliotekassistent/ kulturleiar/ kommunalsjef

		som eiga nettside og Facebook side. Gje tilbod, hjelp og kunnskap om nettbaserte tenester.		
	Fleire arrangement, som t.d. stadnamnkafe, foredrag, utstillingar og mindre førestillingar	Større stillingsressurs	2017 -	Bibliotekassistent/ kulturleiar/ kommunalsjef
	Besøks- og utlånstal på nivå med Sogn og Fjordane	Allsidig og aktuelt tilbod av bøker og andre media. Betre lokalitet og auka st.ressurs.	2017	Bibliotekassistent/ kulturleiar/ kommunalsjef
	Tilgang til oppdaterte datamaskiner for besøkande	Planmessige innkjøp/ oppgraderingar	2016 -	Bibliotekassistent/ kulturleiar/ IKT
<b>Brannsikring</b>	Sikre flest mogleg bygningar i verneområdet	Tilskot til huseigarar til sprinkling i samarbeid med Riksantikvaren	2016-	Branngruppa/ byantikvar
<b>Bygningsvern / Gamle Lærdalsøyri</b>	Ta vare på bygningsarven og legge til rette for eit godt bumiljø	Revidering av forvaltningsplan/ reguleringsplan	2016-2017	Byantikvar
<b>Lokalhistorisk arkiv</b>	Bistå publikum med slektsgransking	Bemanna kulturkontor	2016 –	Kulturleiar/ byantikvar
	Tilgang til arkiv for ålmenta	Systematisering og digitalisering	2017 -	Byantikvar
<b>Historiske vegar</b>	Systematisk vedlikehald av historiske vegar	Skjøtselsplan: Ferdigstilling og oppfølging. Større stillingsressurs til skjøtsel gjennom eksterne midlar.	2016 -	Kulturleiar/ byantikvar
<b>Kulturhuset</b>	Ein samlingsstad i bygda med variert aktivitet, kunst- og kulturtilbod	Samdrift av fleire av funksjonane i bygget. Samlokalisering av kulturtenestene.	2016 -	Rådmann/ kommunalsjef/ kulturleiar

	Eit kulturelt trekkplaster i regionen og for turistar	Sesongutviding. Attraktive, skiftande utstillingar i kunstmuseet. Fast Gjesmeavdeling.	2016 -	Musea i Sogn og Fjordane / Lærdal kommune
<b>Post-og telemuseet</b>	Attraksjon på Lærdalsøyri. Formidle post- og telehistorie. Stimulere lokal kunstproduksjon.	Ope for besøkande i sommarsesongen  Samdrift med fleire aktørar, t.d. lokale kunstnarar.	Mai 2016 -	Kulturleiar/ byantikvar
<b>Andre kulturbygg</b>	Tilgjengeleg for ålmenta etter avtale	Samarbeid med ulike aktørar	2016 -	Kulturkontor
	Systematisk og tilstrekkeleg vedlikehald	Vedlikehaldsplan	2016 –	FDV
<b>Arrangement</b>	Minst 12 kulturarrangement pr.år i kultursalen	Vidareføre og utvikle dei arrangementa som er i dag. Sikre ressursar til dette arbeidet.	Kontinuerleg	Kulturleiar og konsulent kultur og oppvekst
<b>Frivillig kulturarbeid</b>	Gje gode og føreseielege rammer for det frivillige arbeidet	Gratis eller billeg husleige i kommunale bygg. Kulturstøtte. Prioritere barne- og ungdomsarbeid	2016 -	Kultur og teknisk  Kulturleiar

## 11 Oversikt lag og organisasjonar i Lærdal

### **Barn og ungdom**

---

Audhumbla 4H  
Lærdal ungdomsråd

### **Bygdekvinnelag**

---

Borgund bygdekvinnelag  
Lærdal bygdekvinnelag

### **Ungdomslag**

---

Borgund ungdomslag  
Erdal ungdomslag  
Lærdal ungdomslag  
Rikheim og Ljøsne ungdomslag  
Tønjum ungdomslag

### **Idrett**

---

Lærdal idrettslag  
Lærdal idrettsråd  
Lærdal turlag  
Lærdal ride-og køyreklubb  
Lærdal golfklubb  
Tønjum skyttarlag  
Hegg skyttarlag  
Tønjum pistolklubb  
Lærdal miniatyrklubb  
Veterancup  
Lærdal sykkelklubb  
Lærdal skytehus sameige  
Lærdal skyttarlag

### **Musikk og dans**

---

Lærdal linedanceklubb  
Lærdal seniordans  
Borgund og Lærdal leikarring  
Lærdal musikklag  
Lærdal trekkspelklubb  
Øyrabelgen

## **Songkor**

---

Lærdal songkor

## **Interesseorganisasjonar**

---

Råd for eldre og funksjonshemma  
Borgund elveeigarlag  
Den norske lægeforening  
Indre Sogn dyrevernlag  
Fagforbundet Lærdal  
Fellesorganisasjon for barnevernspedagogar  
Lærdal elveeigarlag  
Lærdal mållag  
Lærdal Nei til EU  
Naturvernforbundet i Lærdal  
Naturviterne  
NITO  
Norske fysioterapeuters forbund  
Norsk sjukepleiarforbund - fylkeskommune  
Norsk sjukepleiarforbund avd.Lærdal  
Utdanningsforbundet avd. Lærdal  
Utdanningsforbundet seksjon barnehage  
Utrykningspersonalets fellesutval  
Årdal og Lærdal avd. Delta

## **Eldre**

---

Lærdal og Borgund pensjonistlag

## **Humanitære og sosiale lag**

---

Lærdal lag av LHL  
Lærdal Røde kors lokalråd hjelpekorps  
Lærdal revmatikarlag  
Lærdal astma- og allergiforbund  
Lærdal Lions Club  
Lærdal lokallag av NFU  
Lærdal Røde kors, lokalråd omsorg  
Rikheim og Ljøsne helselag

## **Fritidslag**

---

Borgund cross team  
Lærdal båteigarlag  
Lærdal jeger- og fiskarlag  
Borgund husflidslag  
Klubb Alfa Romeo Norge avd. Lærdal/Årdal  
Lærdal bridgelag  
Lærdal countryklubb  
Lærdal husflidslag  
Lærdal MC-klubb  
Lærdal modellflyklubb  
Lærdal og Borgund hagelag  
Lærdal sjakkklubb  
Tønjum husmorlag  
Venskap Jeriko-Lærdal

## **Historie**

---

Lærdal sogelag

## **Opplysningslag**

---

Bygdefolkets studieforbund

## **Grendalag**

---

Borgund utvikling  
Frønningen grendalag  
Gamle Lærdalsøyri grendalag  
Grendalaget Øyramarki Sør  
Saltkjelen velforening  
Tønjum grendalag  
Ofta Vest velforening

## **Religiøse lag**

---

Lærdalsøyri indremisjonsforening  
Lærdalsøyri misjonsforening

## **Politiske parti**

---

Lærdal Arbeidarparti  
Lærdal Senterparti  
Lærdal Høgre

Lærdal SV  
Lærdal Venstre

### **Kunst**

---

Bryggjas vener  
Lærdal kunstlag


### **Landbruk**

---

Lærdal bondelag  
Lærdal sankelag  
Lærdal sau og geit  
Lærdal verering







Den gamle brua over Sjurhaugfossen, bilete frå 1930-talet.



Ballbingen på Ljøsne kom på plass ved hjelp av spelemidlar i 2010.